

## Johann Roppen

---

**Fra:** Johann Roppen  
**Sendt:** fredag 22. november 2019 10:58  
**Til:** ALLE-Campus  
**Emne:** NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 41/2019, 22. NOVEMBER

### NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 41/2019, 22. NOVEMBER

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [jr@hivolda.no](mailto:jr@hivolda.no).

Arkiv med tidlegare nyhendebrev:

<https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/nyhendebrev>

### JOPLASSVEGEN ER STENGT: NY GANGVEG FRÅ AASEN/STRØM- LETTBYGGET-BERTE KANUTTE-HUSET

Torsdag 21. november vart den nye gangvegen mellom «Lettbygget» og brua ved Berte Kanutte-huset asfaltert og er klar til bruk. Dei som skal gå mellom Aasen/Strøm og Berte Kanutte-huset må i byggetida ta denne vegen fordi byggeplassen blir gjerda inne og stengt. Joplassvegen blir stengt med port, som blir opna når det kjem varetransport til Høgskulen i Volda.

### 12 LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

Det er lyst ut inntil 12 stillingar ved Høgskulen i Volda. Det er lyst ut både leiarstillingar, administrative stillingar og mange rekrutteringsstillingar (stipendiatstillingar).

- Inntil 4 opne ph.d.-stipend (doktorgradsstipendiat)
- Inntil 2 ph.d-stipendiatar knytte til lærarutdanning
- Inntil 3 ph.d.-stipendiatar knytte til profesjonsutøving - vilkår og utvikling
- Seanse: Formidlings- og kommunikasjonskonsulent
- Rådgjevar ved Avdeling for kulturfag
- Dekan ved Avdeling for mediefag
- Samfunnsplanlegging (professor/dosent eller førsteamanuensis)

Sjå alle dei ledige stillingane her:

<https://www.hivolda.no/stilling>

### 4 OPNE STIPENDIATSTILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

Høgskulen i Volda har lyst ut fire "opne" stipendiatstillingar. Det betyr at kvalitetsvurderinga av søknader og søkarar vil vere viktigare enn nøyaktig kva tema eller fagområde stillingane rettar seg inn mot. Høgskulen ønsker seg likevel stillingar innanfor eit utval av tema og håper på gode søknader på følgande tema:

- Barnehagepedagogikk
- Skriftkultur
- Samfunnsfagsdidaktikk med vekt på berekraftperspektiv
- Kreativ visuell kommunikasjon
- Kvinner og motkultur i norsk historie
- Møre og Romsdal distriktshøgskule Volda og regionen (1969-1994)
- Framtidsferdigheiter med innretning mot praktisk-estetiske fag

Aktuelle søkarar blir oppmoda til å ta kontakt med forskingsadministrasjonen ved høgskulen, og gjerne også direkte med fagmiljø eller forskingsgrupper. Her er oversyn over forskingsgrupper ved Høgskulen i Volda:

<https://www.hivolda.no/forskning-og-utvikling-0/forskingsgrupper>

Sjå alle dei ledige stillingane her:

<https://www.hivolda.no/stilling>

### KOMPETANSE FOR KVALITET: TRE NYE TILBOD TIL VOLDA

Høgskulen i Volda har fått tildelt følgjande vidareutdanningar innanfor ordninga Kompetanse for kvalitet: 1) Andrespråkspedagogikk 1, 1. – 10. trinn for skule, 2) Realfag i barnehagen og 3) Rettleiing for praksislærarar i barnehagen. Høgskulen har også fått tildelt midlar til ein nasjonal erfaringskonferanse for matematikk innanfor Kompetanse for kvalitet-ordninga, og konferansen vil bli arrangert våren 2020. Høgskulen i Volda har frå før ei

rekke andre tilbud innanfor Kompetanse for kvalitet – her er eit oversyn:  
[https://www.hivolda.no/studium?f%5B0%5D=education\\_type%3A290](https://www.hivolda.no/studium?f%5B0%5D=education_type%3A290)

### **HØGSKULEN I VOLDA ER MED I FRAMTIDSLABEN I ÅLESUND**

Torsdag 7. november underteikna prorektor Odd Helge Mjellem Tonheim avtalen med den nye framtidslaben som blir drifta av nye Ålesund kommune. Laben er den andre av sitt slag i Europa og er ein del av FN's smartbyprogram. Som partnar i FN's framtidslab vil Høgskulen i Volda kunne knyte endå tettare kontakt med ulike aktørar i fylket og spesielt i Ålesundsregionen. Les meir om avtalen:

<https://www.hivolda.no/nyhende/onsker-fruktbare-samarbeid-gjennom-framtidslab>

### **STUDIEBAROMETERET: HØG SVARPROSENT I VOLDA OGSÅ I ÅR**

Studiebarometeret var ope for svar frå studentar fram til søndag 17. november. Høgskulen i Volda fekk ein svarprosent på 65. Det betyr at 65 prosent av dei inviterte studentane fullførte spørjeskjemaet. Dette er blant dei høgste svarprosentane i sektoren. Tidlegare år har svarprosent vorte målt etter kor mange som begynte å svare på skjemaet, og etter dette målet vart svarprosenten i 2019 på 73 prosent og det var nest høgste svarprosent nokon gong på HVO. Her er oversyn over svarprosentar på høgskulens avdelingar og studium:

[https://results.dk/Status?guid=TN6ZU51K3K9N\\_](https://results.dk/Status?guid=TN6ZU51K3K9N_)

### **KOMPETANSEUTVIKLING: KVINNEFLEIRTAL BLANT FØRSTEAMANUENSANE**

Den årlege statistikken over tilsette på universitet og høgskular er no klar for 2019. Den viser blant anna at kvinner no utgjer over 53 prosent av alle årsverk utført av førsteamanuensar, og det er første gongen er det er kvinnefleirtal i denne gruppa av tilsette. Færrast kvinner er det blant professorane, men her auka kvinneandelen frå 18 til 26 prosent. Også blant alle fagleg tilsette sett under eitt er det ein auke i kvinneandel og kvinner utfører no ca 55 prosent av alle faglege årsverk på høgskulen.

[Lenke til statistikk på DBH \(Database for statistikk om høgare utdanning\).](#)

### **KOMPETANSEUTVIKLING (2): FLEIRE TILSETTE - LÅGARE ANDEL FØRSTEKOMPETENTE**

Høgskulen har auka talet på tilsette mykje dei siste åra og har no fleire fagleg tilsette enn nokon gong tidlegare og også fleire med minst førstekompetanse (professorar, dosentar, førsteamanuensar og førstelektorar) enn nokon gong tidlegare. Men talet på høgskulelektorar og høgskulelærar har auka meir enn talet på førstekompetente så andel av tilsette med førstekompetente har gått ned frå ca 52 prosent i 2018 til ca 50 prosent i 2019. Mange av dei nye tilsette er i mellombelse stillingar, og blant tilsette i faste stillingar er det i 2019 ca 56 prosent førstekompetente, men også det er ca 2 prosent lågare enn året før.

### **INTERNASJONALT (1): AVDELING FOR KULTURFAG SAMARBEIDER OM NYTT TIDSSKRIFT: "NORDIC JOURNAL OF ARTS, CULTURE AND HEALTH"**

Høgskulen i Volda, Avdeling for kulturfag, er ein av stiftarane av det nye tidsskriftet "Nordic Journal of Arts, Culture and Health". Førsteamanuensis Wenche Torrisen ved Avdeling for Kulturfag er ein av to ansvarlege redaktørar av tidsskriftet og har også vore med på å skrive leiarartikkelen i første utgåve. Tidsskriftet vert utgjeve etter prinsipp for Open tilgang ("Open access") av Universitetsforlaget.

[https://www.idunn.no/nordic\\_journal\\_of\\_arts\\_culture\\_and\\_health#/about](https://www.idunn.no/nordic_journal_of_arts_culture_and_health#/about)

### **INTERNASJONALT (2): PROFESSOR SIV GAMLEM REPRESENTERTE NOREG PÅ EUROPEISK UTDANNINGSKONFERANSEN**

Professor Siv M. Gamlem har samarbeidd internasjonalt om «Student voice in Education», og presenterte førre veke arbeidet i den slovenske hovudstaden Ljubljana i lag med ein forskar ved Universitetet i Oslo. Arbeidet er gitt ut av CIDREE (Consortium of Institutions for Development and Research in Education in Europe), og tilhøyrer serien CIDREE YEARBOOK.

<https://www.hivolda.no/laerarutdanninga/gamlem-representerte-noreg-internasjonalt>

### **INTERNASJONALT (3): HVO-PANEL PÅ KONFERANSE MEXICO: "EMERGENT DIGITAL PUBLICS IN LATIN AMERICA"**

Tre tilsette ved HVO har fått antatt eit panel ved årskonferansen til Latin American Studies Association (LASA), som blir arrangert i Guadalajara i Mexico 13. – 16. mai. Panelet heiter Emergent Digital Publics in Latin America, og utforskar framveksten av digitale offentlegheiter i latinamerikanske samfunn. Det blir særleg fokusert på bruken av sosiale media til å skape alternative offentlege sfærar for debatt, styring og sosial protest. Dei som skal presentere i panelet er stipendiat Anne Natvig (AMF), førsteamanuensis Eirik Hammersvik (ASH) og førsteamanuensis Margit

Ystanes (ASH) frå HVO, i tillegg til stipendiat Sterre Gilsing ved Universitetet i Utrecht og stipendiat José Alejandro Huidobro Goya ved Universitetet i Bergen.

#### **INTERNASJONALT (4): STUDENTSAMARBEID OM ENTREPRENØRSKAP**

Høgskulen i Volda er verstinstitusjon for det internasjonale prosjektet EASIP: *Increasing entrepreneurial competences of students through a practical approach*. 19.-20. november var det startverkstad i Volda med deltakarar frå Italia, Slovenia, Finland og Noreg (HVO). Prosjektet er finansiert over Erasmus+ programmet.

#### **INTERNASJONALT (5): SEANSE: NY NETTSIDE FOR "INTERNATIONAL TEACHING ARTIST COLLABORATIVE"**

Seanse, senter for kulturproduksjon ved Høgskulen i Volda har vore sentrale i å starte og vidareutvikle eit globalt nettverk for "Teaching artists". Nettverket har no vorte fast etabert og fått ei ny nettside der alle dei samarbeidande aktørane i heile verda kan dele erfaringar og kompetanse.

Kortlenke til nettsida: <https://bit.ly/2D0hXsm>

#### **INTERNASJONALT (6): INGEN VOLDA-STUDENTAR I BOLIVIA**

Mange høgskular og universitet har dei siste dagane henta heim studentar på utveksling eller studietur i Bolivia på grunn av den spente situasjonen i landet. Høgskulen i Volda har ingen utvekslingsavtalar med universitet i Bolivia. Vi har heller ingen studentar som er på studietur til Hongkong no. Høgskulen har ikkje oversikt over om studentar kan vere på private reiser til Bolivia.

Her er oversyn over alle våre internasjonale samarbeidspartar for studentutveksling:

<https://www.hivolda.no/destinasjon>

Utanriksdepartementet sine reiseråd for Bolivia:

[https://www.regjeringen.no/no/tema/utenrikssaker/reiseinformasjon/velg-land/reiseinfo\\_bolivia/id2415332/](https://www.regjeringen.no/no/tema/utenrikssaker/reiseinformasjon/velg-land/reiseinfo_bolivia/id2415332/)

#### **FORUM FOR HØGSKULEHISTORIE: SEMINAR OM ARKIVMATERIALE**

Forum for høgskulehistorie arrangerer 27. november seminar om arkivmateriale på høgskulen, og med hovudvekt på det som finst på Avdeling for mediefag. Seminaret vert arrangert på Strøm 244 frå kl 10.00 og er ope for alle. Dei som ønskjer lønsj må melde seg på til Harald Tafjord ([haraldt@hivolda.no](mailto:haraldt@hivolda.no)).

#### **AVDELING FOR MEDIEFAG: DEKAN ODD RAGNAR STARTAR "ODDCAST"**

Fungerande dekan Odd Ragnar Hunnes ved Avdeling for mediefag har starta eit nyhendebrev for tilsette på avdelinga, og namnet på den nye informasjonskanalen er naturlegvis: Oddcast.

#### **MEDIEFAG: FRUKT I LUNSJTIDA**

Oddcast, informasjonskanalen på AMF, melder at på pauseromet på Avdeling for mediefag har det vore frukt å få kvar dag ca kl 11.45 i haust.

#### **REPARASJON OG SIKRING AV PERSONHEISAR**

Dei siste vekene har det vore sørvis på personheisane på høgskulen. Heisen på Henrik Kaarstad-huset har fått ei sikringsdør og dette arbeidet gjorde at heisen var ute av drift ei veke. Også andre av personheisane på høgskuleområdet har vore ute av drift i korte periodar på grunn av sørvis.

#### **FØRSTEHJELP I EKSAMENSTIDA**

Studentparlamentet, studenthumanisten, samskipnaden og biblioteket stiller opp for studentar som er plaga av eksamensnervar eller stress.

<https://www.hivolda.no/nyhende/gir-deg-forstehjelp-eksamenstida>

#### **MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2019**

Oversyn over møte og sakspapir til dei mest sentrale råd og utval ved

HVO: <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA>

Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre: <http://festivalforum.no/informasjon/arshjulet/>

26-27.11.2019: Avdelingsseminar AHL

27.11.2019: Forum for høgskulehistorie: Arkivmateriale på høgskulen

5.12.2019: Styremøte 7/2019

13.12.2019: Julebord 2019

## **MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2020**

28.-29.1.2020: Avdelingsseminar AMF

5.3.2020: Styremøte 1/2020

26.-27.3.2020: Avdelingsseminar ASH

23.4.2020: Styremøte 2/2020

28.-29.4.2020: NOKUT-tilsyn, institusjonsbesøk

11.6.2020: Styremøte 3/2020

18.-19.6.2020: Fjordkonferansen 2020 [www.fjordkonferansen.no](http://www.fjordkonferansen.no)

## **HVO I MEDIA**

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendemedia og sosiale media:

[https://www.tintup.com/t/customer\\_2082469\\_hogskolenivolda](https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda)

## **LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA**

<https://www.hivolda.no/stilling>

## **REKTORBLOGGEN**

Alle blogginnlegg: <https://blogg.hivolda.no/jr/>

## **HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.**

Facebook: <https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram: <https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube: <https://www.youtube.com/user/hivolda/>

HVO-blogger: <https://blogg.hivolda.no/>

Nynorsksenterets blogg: <https://www.nynorsksenteret.no/blogg>

Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget: <http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>

Nytt om bygging av nytt mediehus: <https://www.hivolda.no/mediebygg>

Nytt om bygginga av Volda Campus Arena (Volda kommune): <https://www.volda.kommune.no/aktuelt/volda-campus-arena-vi-realiserer-idrettshall.72934.aspx>

Med venleg helsing

**Johann Roppen**

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 70 07 50 00

[www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)

